



VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Frå Jaslangen, akvarell av Gro Bjørhei

# Årsmelding 2008

	side
<b>Innhald</b>	
<b>Fjellstyre .....</b>	<b>3</b>
Medlemmer.....	3
Aktivitet .....	3
<b>Fjeloppsyn.....</b>	<b>3</b>
Tilsette .....	3
Aktivitet .....	3
Refusjon.....	3
Samarbeid – oppdrag .....	4
<b>Stølsbruk .....</b>	<b>4</b>
Stølsforskrift .....	4
Stølar, beite og tilleggsjord.....	4
Områdetiltak "Heime og på støle" .....	4
<b>Tomtefeste .....</b>	<b>4</b>
Næringsfester.....	4
Hyttefester .....	4
Bustadfester .....	4
Tomtefestelov .....	4
Festeinntekter.....	5
<b>Fiske.....</b>	<b>5</b>
Sal av fiskekort .....	5
Stampfiske/fiskeutsetting.....	6
Registreringar .....	6
<b>Småviltjakt.....</b>	<b>9</b>
Jaktkortsal .....	9
Forvaltning.....	9
<b>Elgjakt.....</b>	<b>11</b>
Administrasjon.....	11
Elgtrekk .....	12
Driftsplanarbeidet .....	12
Valhall .....	12
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen .....	12
<b>Hjortejakt .....</b>	<b>13</b>
<b>Rådyrjakt.....</b>	<b>13</b>
<b>Jaktpørver .....</b>	<b>13</b>
<b>Informasjon - tiltak for friluftsliv.....</b>	<b>13</b>
Informasjon.....	13
Inatur - internettportal.....	13
Turkart .....	13
Tilrettelegging for friluftslivet .....	13
<b>Rekruttering til friluftsliv .....</b>	<b>14</b>
<b>Motorisert ferdsel i utmark .....</b>	<b>14</b>
<b>Tilskot.....</b>	<b>14</b>
Tilskot frå fjellstyret .....	14
Grunneigarfondet.....	15
<b>Økonomi .....</b>	<b>15</b>
Generelt .....	15
Resultat .....	15
Eigenkapital .....	15
<b>Vasetfondet.....</b>	<b>16</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>17</b>
Resultatrekneskap .....	17
Balanse.....	19
Revisjonsrapport .....	20

# Årsmelding 2008

## Fjellstyre

### Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Kari Tyldum
Styremedlem	Kjell Magne Snorheimsmoen
Styremedlem	Anne Live Garvik
Styremedlem	Arild Brattrud

### Aktivitet

Fjellstyret har hatt 6 ordinære styremøte, behandla 59 saker og vore på 1 befaringar. I tillegg deltok representantar på landsmøte i Norges fjellstyresamband, årsmøtet for fjellstyrta i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om stølsprosjekt, møter om driftsplan for elg m.m. Medlemmer har også deltak på kurs i fjellstyresarbeid og kurs i arbeidsgjeveransvar.

Fjellstyreleiar Kjell Strand er representert i styret for FOSA, driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre og i Regionalt oppsynsutval. Kjell Strand var medlem i styret for Norges fjellstyresamband fram til årsmøtet i juni. Fjellstyreleiaaren har i tillegg delteke på ulike møter og befaringar. Nestleiar Kari Tyldum er representert i styret for områdetiltaket "Heime og på støle".

## Fjelloppsyn

### Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjelloppsyn I: Harald Ranum i 100 % stilling

Fjelloppsyn II: Erle Frantzen er fra 1.1.08 tilsett i fast 60 % stilling som fjelloppsyn II

Deltidsoppsyn: Kenneth Monsen

Deltidsoppsyn: Rune Gjestvang

Fjellstyret lønnar i tillegg for ei 25 % stilling i stølsprosjektet "Heime og på støle" i samarbeid med Vestre Slidre kommune. Hanne Lykkja er tilsett som prosjektleiar i 100 % stilling.

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med fiskekulturarbeid.

### Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåve for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver.

### Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsorninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Regelverket for tildeling av

refusjon skal vurderast ut frå aktiviteten i allmenningane. Fjellstyret fekk kr 267.523 (2007: 245.426) i refusjon frå staten.

### **Samarbeid – oppdrag**

Fjellstyret har følgjande faste oppdragsgjevarar:

- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige

Inntektene ved utleige av tenester er kr 28.824 (2007: 23.039).

## **Stølsbruk**

### **Stølsforskrift**

Endring av stølsforskrift er sendt ut på høring, der det m.a. legg opp til at fjellstyret skal vise ut tilleggsjord i staden for Statskog. Ny forskrift er venta vedteke i løpet av 2009.

### **Stølar, beite og tilleggsjord**

Fjellstyret har tilrådd to søknader om tilleggsjord/kulturbete. Fjellstyret har vidare tilrådd ein søknad om areal til treningsbane for hest.

Fjellstyret har gjort vetak om at ein støl har falt i det fri, då stølen ikkje hadde vore i bruk dei siste 20 år.

Samla er det 296 enkeltstølar, 1 fellesstøl og 67 fester for kulturbete/tilleggsjord i statsallmenningen. Samla utgjer dette ca 10.000 daa dyrka mark. Dette er utan samanlikning det mest intakte og aktive stølsområdet i landet.

### **Områdetiltak ”Heime og på støle”**

For å bevare det unike stølsbruket i Vestre Slidre gjennomførte kommunen og fjellstyret eit forprosjekt i 2005 for å vurdere eit områdetiltak knytt til satsing på stølsbruk. Som resultat av dette starta partane i 2007 eit brukarstyrt treårig områdetiltak. Det er tilsett prosjektleiar i 100% stilling som har kontorplass kommunehuset. Målet for tiltaket er å oppretthalde den aktive stølsdrifta og dei verdifulle kulturlandskapa i fjellet. Arbeidet vil skje ved tiltak retta både mot garden og stølen. Fjellstyret lønnar 25 % av stillinga som prosjektleiar. Kostnaden for fjellstyret er kr 125.000 (2007: kr 125.000).

## **Tomtefeste**

### **Næringsfester**

Samla er det 16 stk fester for reiseliv- og andre næringsbedrifter i statsallmenningen.

### **Hyttefester**

Det er ikkje oppretta nye fritidsfester i 2008. Fjellstyret har tilrådd flytting av av to fritidsfeste som ligg inne på stølsutvisning.

### **Bustadfester**

Samla er det 10 fester for bustadar i allmenningen. Det er avsett ei nytt område i kommunedelplan for Vaset til bustadføremål. Området er ikkje teke i bruk.

### **Tomtefestelov**

Stortinget vedtok i 2004 endringar i festeloven som gjorde det mulig å løyse inn bustad- og fritidsfester. Tomtefesteloven vart reversert i 2006 slik at det ikkje lengre er innløysingsrett

for fritidsbustad i statsallmenningar. Reversering av lova vil sikre fjellstyret eit godt økonomisk grunnlag for å drive aktiv forvaltning i framtida også. Det vart vedteke overgangsreglar i tomfesteloven som gjer at innløysing vart gjeldande t.o.m. 2007. I denne perioden er det løyst inn 8 festetomter.

Beløpet som er betalt ved innløysing av hyttetomtene blir og delt likt mellom fjellstyret og grunneigarfondet. Faktuering for 7 av tomtene vart gjort i 2007 og ei tomt vart faktuert i 2008. Dette gir ei inntekt til fjellstyret på kr 1.058.134. Av dette er kr 725.074 er utbetalt i 2007 og kr 333.060 i 2008. Fjellstyret har vedteke at berre avkastning av innløysingsbeløpet skal brukast til drift. Justert for prisstigning gir avkastning på innløysingsbeløpet litt høgare inntekt samanlikna med gjennomsnittleg festeavgift.

### Festeinntekter

Festeavgift for hytter og hotell blir delt 50/50 mellom fjellstyret og grunneigarfondet. Festeavgifter gav fjellstyret ei inntekt på kr 1.063.742 (2007: 1.089.157).


## Fiske

### Sal av fiskekort

Det vart selt 1274 fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande (2007: 1316). Kortsalatet gav ei bruttoinntekt på kr 167.240 (2007: 171.410). Til diverse fiskekulturarbeid har fjellstyret brukt kr 109.773 (2007: kr 67.381), i tillegg kjem fjelloppsynet sitt arbeid.

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	År
387	262	73	142	86	61	26	120	4	6	1	69				37
864				293				80				37			
1157								117							
1274															



Fiskekort vart for fjerde år selt via SMS på mobiltelefon (565 kort, 44%). Dette viser seg å vera ei svært vellykka ordning der kort alltid er tilgjengeleg. Kortsal på internett

([www.inatur.no](http://www.inatur.no)) har ikkje noko stort omfang (28 kort, 2%). Sal gjennom Inatur må ein i realiteten sjå på som marknadsføring av området. Størstedelen (54%) av fiskekorta blir selt på butikkar o.l.

### **Stamfiske/fiskeutsetting**

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Etter FOSA har sikra større leveringsavtale, er det behov for meir rogn. I 2008 leverte vi 9,7 liter rogn til FOSA.


Fjellstyret har sett ut 1000 2-årig settefiske i Sørre og Midtre Syndin. I elva ved Buaråne var det satt ut 50-fleirårig settefisk. I dei andre mindre vatna vart det sett ut 1- årig fisk og dette gjeld Svultkjern(500stk), Grønsenn(800stk), Nestisvatn(600stk), Skardtjern(200stk), Kringletjern(100stk), Langebergtjern(100stk), Bjødnhøvdtjern(100stk) og Lomtjern(100stk). I Storfjorden vart det som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk.


### **Registreringar**

I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrare grunnlag å vurdera kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna. Fjellstyret får inn fiskrapportar for dei fleste vatn, men vi fekk inn skjellprøver berre frå to vatn.


### **Statusoversikt for fiskevatna**

Ut frå fangstrappornane har ein satt opp følgjande fangstoversikt:






Det vart levert inn 16 skjellprøver frå Rensenn. Fisken var raud i kjøtet. Ingen av fiskane var merka.



Det var levert inn 39 skjellprøver frå Storfjorden. Fisken var raud i kjøttet. 21 av fiskane var merka.



Det vart levert inn 15 skjellprøver frå Mosvatn. Fisken var raud i kjøttet. Det var 1 merka fisk.

Vatn	Antal utsett aure	Status for auren	% merka aure i fangsten	Aktuelle tiltak framover
<b>Rensenn</b> 53 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst, litt mager fisk. Gode gyte- og oppveksttilhøve		Fylgje opp vatnet, uttaket av fisk bør aukast
<b>Grønsenn</b> 58 prøver	600 1-årig Grønsenn	Særs god vekst og fin aure.	36	Fylgje opp gytebekkane
<b>Nestisvatn</b> 0 prøver	300 1- årig Grønsenn	Særs god vekst. Framleis tynn bestand. Stor andel merka aure.	80 (2004)	Få inn fiskeprøver
<b>Midtre Syndin</b> 38 prøver	800 2-årig Grønsenn	Særs god og uthaldande vekst . Litt tynn bestand men ein del stor aure	47	Registrere yngel i bekkane.
<b>Sørre Syndin</b> 0 prøver	600 2- årig Grønsenn	God og uthaldande vekst. Tynn bestand men ein del stor aure.	83 (2004)	Fylgje med på rekrutteringa.
<b>Storfjorden</b> 48 prøver	10 000 2-årig	God vekst. 45 % av all rapportert aure blir fanga i Storfjorden	57	Halde fram med registrering av merka aure i fangstane.
<b>Mosvatn</b> 22 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst Andel fisk med parasitt er stor 64 %	14	Vurdere tiltak i høve til parasittar
<b>Halvorstølstj /nabotj.</b> 5 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Stabil aurebestand, middels kvalitet. Rapportar om ein del stor abbor		Auka uttak av abbor er ynskjeleg.
<b>Strøstjern</b> 0 prøver	100 2-årig	Tett abborbestand gjev auren harde vilkår, middels vekst	100	Fiske hardt på abbor. Samle inn prøver frå aure.
<b>Svult</b> 4 prøver	100 1- årig Grønsenn	God vekst på auren God bestand. All fanga aure er merka.	100	Stabilisere bestand Tiltak i gytebakk
<b>Skardstjern</b> 0 prøver	50 1-årig	Tynn bestand eit par år, bestanden er i ferd med å ta seg opp.		Ørekystefangst Få inn prøver frå aure
<b>Skruvletjern</b> 2 prøver	Naturleg rekruttering	Middels god vekst, god bestand		Få inn fleire prøver frå aure
<b>Kringeltjern</b> 0 prøver	100 1- årig	Særs god vekst, 23 cm på 3 år. Høg k-faktor og raud kjøtfarge. Det er ikkje ørekryte i vatnet	100 (2004)	Halde vatnet reint for ørekryte.
<b>Bjødnhøvdtj .</b> 0 prøver	100 1- årig	I 2005 er dei eldste fiskane 5 år. Det er på tide å ta dei opp		Halde vatnet reint for ørekryte Få inn fiskeprøver
<b>Langebergtj.</b> 0 prøver	100 1- årig	Svært god vekst. Auren har no nådd høveleg storleik		Få inn fiskeprøver
<b>Lomtjern</b> 0 prøver	100 1- årig	Fiskerapportar tydar på tynn bestand		Få inn prøver frå aure. Betre gyttetilhøva.

# Småviltjakt

## Jaktkortsal

Jaktkortsalaet gav ei inntekt på kr 382.740 (2007: kr 400.765).

Jaktkortsal									
innanbygds		Utanbygds							
fritt kortsal		regulert sal				fritt kortsal			
u/hund	m/hund	u/hund	m/fuglehund	m/harehund	u/hund	m/fuglehund	m/harehund		
1.p	2.p	1.p	2.p						
30	30	42	38	85	103	33	102	50	
60		80		188		202			
		301				503			
563									

Direktoratet for naturforvaltning har sett krav om at det skal vera 1-dags kort for småviltjakt. Fjellstyret har tidlegare hatt 2-dagarskort. Talet på kort kan derfor ikkje samanliknast mot tidlegare år.

## Forvaltning

### Fugl:

Utover 90 talet gjekk bestanden og avskytinga av rype ned år for år. På bakgrunn av dette reduserte fjellstyret jaktpresset ved ulike tiltak. Talet på jaktkort vart redusert med 20 %, lirypa vart freda for alle korttypar etter 10 dagar, det vart innført dagskvote på 2 liryper og 2 fjellryper og jakt etter fjellrype vart avgrensa til å gjelde kote 1200 moh på Bukono- og Gilafjellet. Etter initiativ frå jeger- og fiskarlaget vart jakttida for småvilt, utanom lirype, utvida til 15. desember. Tiltaka har redusert jaktpresset på rype samstundes som vi har kunne gi jegerane eit jakttilbod. Etter tusenårsskiftet har rypebestanden auka att.

Tidlegare meinte forskarane at jakt hadde liten innverknad på rypestamma. Nyare forskingsresultat tyder på at jakt likevel har stor innverknad, særleg i lett tilgjengeleg terren. Dette vil stille større krav til forvaltninga av viltet i framtida, med betre tilpassa avskyting etter storleik på bestand. slik forvaltning føresett langt betre kunnskap om storleiken på bestanden frå år til år. Dette vil m.a. krevja at ein takserar lirypebestanden årleg før jakta. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag er interessert i å vera med på slikt arbeid, og ein tek sikte på å starte opp eit prøveprosjekt i 2009.

### Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men interessa for å få tildelt jaktkort har gått sterkt ned dei siste 10 åra. Jaktpresset er på denne måten resusert, utan at ein har behøvd å setja i verk spesielle tiltak.




## Jaktstatistikk

Ut frå rapportane har ein berekna total felling til 501 ryper, 63 orrfugl og 20 harar. Tala for 2007 var 430 ryper, 89 orrfugl og 35 harar.


Etter gjennomgang av innleverte vengjeprøver vart produksjonen av lirype berekna til 3,02 kyllingar per 2 vaksne ryper.

Jaktstatistikken for mange år tilbake er usikker fordi svarprosenten har vore låg, spesielt for innanbygds jegerar. Det som gir det beste samanlikningsgrunnlaget er resultatet frå utanbygds jegerar i regulert periode og statistikken nedanfor er derfor berekna ut frå dette.

#### Fuglejakt:



Harejakt:



## Elgjakt



### Administrasjon

Administrasjon av elgjakta vart 2004 overført frå Statskog til fjellstyra. Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skjer på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyre samband er medeigar i. Kontraktarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret.

Elgjakta gav ei inntekt på kr 225.985 (2007: kr 197.949).

## Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman skutt 25 elg i allmenningen i 2008, grunnkvota var på 28 dyr. Fellinga fordelar seg slik: 11 kalv, 0 ungdyr, 6 vaksne koller og 8 vaksne uksar.



## Elgtrekk

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terrenget, samstundes gir dette elgjegerane eit godt tilbod for framkjøring av elg. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 900 (2007: kr 2.850).

## Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlag i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom arbeidet med driftsplan har ein gjort mange nytteige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterkt vekst før ein starta med driftsplanarbeidet, og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga vore meir stabil seinare. Taksering av elgbeita i 2005 syner at vinterbeitene i kommunen er hardt belasta. Elgstamma bør derfor ikkje aukast. For å bevare vinterbeite har uttaket dei siste to åra vorte auka. Tildelt totalkvote for heile kommunen var 135 dyr, med ei grunnkvote på 112 dyr. Totalt vart det felt 98 elg og 9 hjort.

## Valhall

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i Valhall. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region

for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.

## Hjortejakt

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

## Rådyrjakt

Kortslet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 4 rådyrkort og ingen dyr vart felt. Kortslet gav ei inntekt på kr 800 (2007: kr 1.000).

## Jaktpøver

Det vart berre arrangert vinterprøve i 2008. Det var ingen merknader til avviklinga av prøva. Prøva gav ei inntekt på kr 9.040 (2007: kr 17.970).

## Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret.

### Informasjon

Fjellstyret har internetsider ([www.vestre-slidre-fjellstyre.no](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no)) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene.

Fjellstyrt har laga til ein versjon av turkartet som er lagt ut på nettsida til fjellstyret. Dette er eit interaktivt kart med søkeboksar for hytteutleige, bedrifter, kulturminne m.m.

### Inatur - internettportalen

Internettportalen [www.inatur.no](http://www.inatur.no) er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstypesamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart.

Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.

### Turkart

Sal av kartet gav ei inntekt på kr 19.824 (2007: kr 36.000).

### Tilrettelegging for friluftslivet

Den økonomiske situasjonen til fjellstyret har gjort til at ein dei siste åra berre har gjort vedlikehald og mindre tiltak for friluftslivet. Den økonomiske situasjon er no betra og det rom for å gjera slike tiltak att. Det vart sett opp ein ny utedo ved Strø og stølsbrukarane i området har med støtte frå fjellstyret gjort ulike tilretteleggingstiltak som opparbeiding av parkeringsplass, skilting, rydding av stigar mm. På tilrettelegging for friluftslivet har fjellstyret har brukt kr 41.201 (2007: kr 9.303)

### Oversikt over tiltak i statsallmenningen:

Informasjonstavler: 10 stk

Skilt: 85 stk

Rastebord: 29 stk

Doar: 11 stk

Parkeringsplassar: 11 stk

Open bu: 1 stk

Båt til fri bruk: 1 stk

## **Rekruttering til friluftsliv**

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare. Det er gjennomført ein fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klassane og fiskedag ved Buaråne i juli. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen.

Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort og jaktkort for ungdom tom 20 år.

Fjellstyret har samarbeidd med kommunen om tiltaket "Turmål" ved praktisk arbeid og dekning av kostnader. Dette er 10 turmål i forskjellige delar av kommunen og deltakarane blir premiert med ein keramikkopp.

## **Motorisert ferdsel i utmark**

Ulovleg bruk av snøskuter varierar frå år til år. Hovudinntrykket i 2008 er at det er mindre ulovleg kjøring i statsallmenningen. Erfaring syner likevel at ein del miljø er tøffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine.

Frå Regionalt oppsensutval er det ynskje om snøskuterkontroll over kommunegrensene mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Fjellstyret har vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for dette føremålet. Det vart ikkje gjennomført fellesaksjonar i 2008.

Direktoratet for naturforvaltning har sendt ut framlegg til endring av lovverket til høyring. Endringane går i hovudtrekk Det er forslege ein del innstramminger. Fjellstyret positive til ein del av endringane, men meinte at innstrammingerne gjekk for langt på ein del område.

## **Tilskot**

### **Tilskot frå fjellstyret**

Fjellstyret har gjeve kr i tilskot 138.547 (2008: kr 161.988).

Tilskot er fordelt slik:

Straum/aggregat	103.341 kr
Aksjon "Turmål"	8.206 kr
Valdres landbruksnytt	1.500 kr
Stølspost	10.500 kr
Stølsfestival	5.000 kr
Bok om stølsbruket	10.000 kr
<b>Sum tilskot</b>	<b>138.547kr</b>

### **Oversikt over tilskot og andre tiltak:**

Tilskot	138.547 kr
Prosjekt "Heime og på støle"	125.000 kr
Fiskekulturarbeid	109.773 kr
Tiltak for friluftsliv	41.201 kr
<b>Sum tiltak og tilskot</b>	<b>414.521 kr</b>

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret innført tilskot til framføring av straum og innkjøp av aggregat til stølar med mjølkeproduksjon. Stølbrukarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot avgrensa til kr 50.000. Tilskotsordninga har ei årleg ramme på kr 200.000. Denne tilskotsordninga vil til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte.

## Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Lokalt er det ikkje motteke tilskot frå Grunneigarfondet det siste året.


## Økonomi

### Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Statskog). Fjellstyret får dessutan refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.

### Resultat


Rekneskapet syner inntekt på kr 2.634.309 (2007: kr 3.029.165) og utgift på kr 1.784.686 (2007: kr 1.602.253). Dette gir eit overskot på 849.623 kr (2007: kr 1.426.912). Det spesielt store overskot kjem av innløsing av hyttefeste på kr 333.060. Fråtrekt inntekter for innløsing er vanleg driftsoverskot på kr 516.563.



### Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12 kr 3.547.450 (2007: kr 2.697.827) inkludert varige driftsmidlar på kr 348.378 (2007: kr 360.241) og festefond kr 1.058.134 (2007: kr 725.074). Disponibel eigenkapital er kr 2.140.938 (2007: kr 1.612.512).


Eigenkapitalen var så låg nokre år at vi måtte låne for å drive gjennom året. Etter å ha redusert utgiftene dei siste åra og ved at festeinntekter har auka, er fri eigenkapital så stor at dette ikkje lengre er eit problem. Ein stor del av eigekapitalen er bunden opp i festefond eller bygningar og er derfor ikkje disponibel.




## Vasetfondet


Fjellstyret er tillagt administrasjon av Vasetfondet. Fondet var som ein kompensasjon for turistutbygging på Vaset og skulle brukast til tiltak knytt til stølar i området. Fondet er i realiteten avvikla og det står berre att sluttutbetaling når dei siste tiltaka er gjennomført.

Slidre den 6.5.2009


  
Kjell Strand  
fjellstyreleiar

  
Kari Tyldum  
nestleiar

  
Kjell Magne Snortheimsmoen  
styremedlem

  
Arild Brattrud  
styremedlem

  
Anne Live Garvik  
styremedlem

  
Harald Ranum  
dagleg leiar

**Vedlegg:** Resultatrekneskap  
Balanse  
Revisjonsmelding

**Resultat**  
for  
**VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE**

<b>Kontonavn</b>	<b>År 2008</b>	<b>År 2007</b>
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>		
Rognsalg	19 200	17 460
Kartsalg avg. pliktig	19 824	36 000
Webkart-oppføring	0	0
Elgtrekk uteie	900	2 850
Elgjakt mva.pl.	0	0
Rådyr-jaktkort mva.pl	0	0
Oppdrag uteige avg.pl	300	20 461
Varesalg /uttak av varer	1 021	153
Refundert fellingsavgift elgjakt	0	9 330
Rådyrkort mva.fri	800	1 000
Elgjakt Grunnavgift avg.fri fra 2007	225 985	197 949
Fiskekort utanbygds	140 405	144 925
Fiskekort innanbygds	26 835	26 485
Jaktkort utanb. regulert	301 600	285 130
Jaktkort utanb. uregulert	56 550	85 815
Jaktkort innanbygds	24 590	29 820
Jaktprøve	9 040	17 970
Oppsynstj. uteie avg.fri	0	2 578
Vassdragreg. & premiering Bægav.	8 185	8 185
Tilskott	2 777	62 500
Refusjon oppsynutg. stat	267 523	245 426
Ufakt. oppsyn, jaktkort mm	28 824	0
Festeavgift	1 063 743	1 089 157
Innløysing festetomter	333 060	725 074
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>	<b>2 531 162</b>	<b>3 008 268</b>
<b>Varekostnad</b>		
Kart kostnader	1 000	10 750
Lagerending kart	2 365	-3 440
Innleidt arbeid stølsprosjekt	125 000	125 000
<b>Varekostnad</b>	<b>128 365</b>	<b>132 310</b>
<b>Dekningsbidrag</b>	<b>2 402 797</b>	<b>2 875 957</b>
<b>Lønnskostnad</b>		
Lønn fjelloppsyn fast	498 182	313 819
Div tillegg fjelloppsyn	51 782	82 067
Lønn midlertidig tilsette	52 827	145 126
Lønn fjellstyremedlemmer	19 010	16 305
Feriepenger	72 488	64 921
Periodisert lønn & avg.	0	0
Fri telefon	8 000	3 149
Pensjon klp fri	92 414	76 204
Pensjon klp motkonto	-92 414	-76 204
Fri forsikring	306	269
Motkonto fri telefon	-8 000	-3 149
Motkonto fri forsikring	-306	-269
Møtegodtgj. Fjellstyre	47 780	37 863
Arbeidsgiveravgift	47 914	43 185
Arb.giv.avg av påløp. Feriepenger	4 639	4 157
Aga.pl. pensjonskost	92 414	76 204
Pensjon KLP e.kap. innsk. u.agas	-8 824	2 583
Refusjon av sykepenger	-21 615	0
Refusjon av sykepenger. Aga-beregning	-21 615	0
Refusjon av sykepenger aga-motkonto	21 615	0
Kantinekostnad	177	0
Yrkesskadeforsikring	2 786	2 622
<b>Lønnskostnad</b>	<b>859 561</b>	<b>788 852</b>

<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>		
Avskriv. bygning/fast eie	12 400	10 096
Avskr. maskiner og inventar	14 000	14 000
Leie lokale	39 601	38 392
Reinhold lokale	10 264	8 815
Lys/varme lokaler	12 937	10 122
Leie datasystemer	6 525	0
Utstyr/mater.kjøp/rep	5 846	10 690
Telefon/datautstyr mm	29 078	8 529
Inventar	0	0
Arbeidskler og arbeidsutstyr	6 947	9 304
Fiskekulturarbeid & stamfiske	109 773	67 381
Jakt & fiskestatistikk	5 020	16 305
Jegerprøve	0	0
Friluftsmidler	41 201	9 303
Snøscooter/elgtrekk	12 978	7 573
Diverse utgifter	2 653	2 969
Revisjonshonorar	5 000	4 063
Regnskapshonorar	40 082	25 876
Kontorrekvisita	9 505	14 545
Trykksak, trykking kort	1 609	0
Aviser, tidskrifter, bøker o.l	3 719	1 154
Møte, kurs, oppdatering o.l	15 320	750
Telefon fast V.S. Fjellstyre	5 261	4 559
Mobil 952 88 222 endre/agnes	0	3 166
Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	4 600	3 395
Tlf 613 43 300 Harald Ranum	0	0
Mobil 450 13 346 sense, sesongoppsyn	301	717
Porto	7 483	8 303
<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>	<b>402 103</b>	<b>280 005</b>
<b>Annen driftskostnad</b>		
Bil & km godtgj. oppg.pli	44 905	38 637
Diett/reise utgifter	10 606	7 865
Diett statens satser	500	6 420
Annен godtgj:motorsag/tlf	8 000	4 000
Provisjon kortsalg	32 857	36 380
Annonser	9 690	14 638
Internett, domene mm	5 449	4 631
Kontingent, fradragberettiget	107 535	81 500
Tilskott stølsveg	0	0
Tilskott aggregat/straum på støl	103 341	138 488
Tilskott almenn.formål	35 206	23 500
Tilskott Stølsprosjekt	0	0
Gaver	550	8 926
Forsikringspremie	8 472	8 032
Styre & bedr.forsaml.møte	5 448	5 116
Bank- og kortgebyr	800	1 048
Purregebyr kunder/leverandør	112	678
Administrasjonsavgift jakt mm	17 869	21 229
Tap på fordringer	3 320	0
<b>Annen driftskostnad</b>	<b>394 658</b>	<b>401 087</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>746 475</b>	<b>1 406 014</b>
Renteinntekt bank	99 934	18 597
Renteinntekt FOSA	3 000	2 638
Renteinntekt kunder	214	
Rentekostnad leverandører	0	-338
<b>Netto finansposter</b>	<b>103 148</b>	<b>20 898</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>849 623</b>	<b>1 426 912</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>849 623</b>	<b>1 426 912</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>849 623</b>	<b>1 426 912</b>

**Balanse**  
for  
**VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE**

Kontonavn	år 2008	år 2007
<b>EIENDELER</b>		
Lager vaset	160 000	170 000
Naust til stamfiske	57 200	59 600
Snøscooter Polaris 800 Sswitchb.	14 000	28 000
Aksjer	1	1
Valdres utmarkskontor	1	1
KLP egenandelinnskudd	11 537	
Langs. fordr. FOSA as	1	1
Langs. lån til FOSA as	105 638	102 638
<b>Anleggsmidler</b>	<b>348 378</b>	<b>360 241</b>
 Lager kart	1 075	3 440
Kundefordringer	53 189	197 418
Negativ lønn	0	17 795
Oppkj. ikke fakt. dr.innt	28 824	50 000
Påløpt renteinntekt	272	241
2153.07.04561 driftskonto	1 690 633	2 065 289
2153.60.04669 kapitalkont	1 582 326	138
2153.07.08567 oppdragskto	3 013	1 734
2153.52.26269 jaktkort	322 362	563 578
2153.52.26226 fiskekort	0	0
2153.69.00125 skattetrekk	37 400	24 858
<b>Omløpsmidler</b>	<b>3 719 095</b>	<b>2 924 491</b>
 <b>Eiendeler</b>	<b>4 067 474</b>	<b>3 284 732</b>
 <b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
Annen egenkapital	-2 489 316	-1 972 753
Fond for innløste festetomter/avgifter	-1 058 134	-725 074
<b>Oppkjent egenkapital</b>	<b>-3 547 450</b>	<b>-2 697 827</b>
 <b>Egenkapital</b>	<b>-3 547 450</b>	<b>-2 697 827</b>
 Leverandørgjeld	-26 679	-664
Forskuddstrekk	-90 568	-74 727
Fagforeningskontingent	-3 420	-3 420
Oppgjørskonto merverdiavgift	-2 406	-5 051
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-21 911	-19 291
Påløpt arbeidsgiveravgift	-4 639	-4 155
Skyldig lønn	-117 547	-132 719
Utlegg tilsette	-21 865	-3 736
Skyldige feriepenger	-72 488	-64 921
Påløpt kostnad og forskuddsbet.innt.	0	-4 720
Avsetning tilskott veg	-113 500	-113 500
Avsetning andre tilskott	-45 000	-35 000
Annen kortsiktig gjeld	0	-125 000
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>-520 024</b>	<b>-586 905</b>
 <b>Gjeld</b>	<b>-520 024</b>	<b>-586 905</b>
 <b>Egenkapital og gjeld</b>	<b>-4 067 474</b>	<b>-3 284 732</b>

# *Valdres kommunerevisjon*

**Til  
Styret i Vestre Slidre Fjellstyre**

## **REVISJONSBERETNING FOR 2008**

Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre Fjellstyre for regnskapsåret 2008, som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 849.623 og en egenkapital på kr 3.547.450. Årsregnskapet består av resultatregnskap og balanse. Årsregnskapet er avgitt av styret. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold, i henhold til kravene om regnskapsføring med mer i Lov om utnytting av rettar og lunnende i statsallmenning m.m. av 6.juni 1975 nr 31 (Fjelloven) og tilhørende forskrifter.


Vi har utført revisjonen i samsvar med Fjelloven av 6.juni 1975, forskrift om delegering av myndighet etter fjelloven av 1.juli 1995, Statskogs rundskriv 1/2003 og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av lov, forskrifter og god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av fjellstyrets økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi har ikke mottatt årsmeldingen til revisjon, og kan derfor ikke uttale oss om årsmeldingen samsvarer med årsregnskapet.

Med unntak av forbeholdet vedrørende årsmeldingen mener vi

- at årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrift og gir ett uttrykk for fjellstyrets økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i regnskapsåret.
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Fagernes, 05.05.2009

  
Age Sandengen  
revisjonsjef / registrert revisor